

Namn1

Er det Fjord1 eller Fylkesbaatane sin snøggbåt som går nordover frå Bergen? Det er ikkje godt å vita. Ikkje eingong direktøren i Fylkesbaatane er heilt sikker.

EVA RØYRANE
eva.royrane@bt.no

Å velja namn er ikkje lett. Særleg ikkje når barnet har ei stor slekt som legg for dagen sterke kjensler og stort engasjement i namnevalet. Men vanlegvis plar alt ordna seg når valet er teke og barnet er døypt. Slik gjekk det ikkje med Fjord1 Fylkesbaatane.

– Det er ikkje lett, vi strevar med

å halda tunga beint i munnen, sukker administrerande direktør Atle Tørnes. Han vedgår at det var vanskelegare enn venta å ta det nye namnet i bruk, men seier han trur det vil gå seg til etter kvart.

«Profilering»

Problemet er å vita når ein skal bruka namnet Fjord1 og når ein skal bruka Fylkesbaatane. Er det til dømes Fjord1 eller Fylkesbaa-

tane sin hurtigbåt som går nordover frå Bergen? Direktøren er jammen ikkje heilt sikker på kva som er rett svar.

– Det som er klart er at Fjord1 skal brukast ved profilering, Fylkesbaatane ved omtale av selskapet, seier han.

Men er det så klart, då? Ei nøktern opplysning om rutetidene til sognebåten kan vel vera ei utmerkt form for profilering?

Fjord1 skal i alle fall ikkje uttalast saman med firmanamnet Fylkesbaatane. Det er til og med presisert på Fjord1 Fylkesbaatane sine nettsider. Men når selskapet får den nye logoen på plass på alle båtar og bussar i løpet av dette året, vil Fjord1 Fylkesbaatane vera skrive saman over alt.

Forstå dette den som kan. Kanskje blir denne namnekombinasjonen så vanskeleg å handtera at det i seg sjølv vert eit argument for å fjerna Fylkesbaatane som namn. Og kanskje har dette vore planen heile tida? At Fjord1 skal stå åleine att, når det nye namnet berre har fått sett seg litt.

– Vi har ingen konkrete planar om dette i dag, men ingen veit kva som skjer i framtida. I grunnen er det rart om ikkje dette skjer, før eller seinare. For ingen namn er statiske, seier Atle Tørnes.

– Det einaste namnedebatten fekk oss til å endra syn på, var

flaggbruken, seier direktøren og røper at planen var å fira FSF-flagget for godt til fordel for eit nytt Fjord1-flagg på heile flåten til Fjord1 Nordvestlandske AS. Leiinga i transportselskapet stod på sitt når det galdt det nye konsernamnet, men det heilage sinnet som blei lagt for dagen ute blant publikum, må likevel ha gjort inntrykk. No heng det nye Fjord1-flagget og det gamle FSF-flagget side om side.

– Vi gjorde slik vi plar når det stormar som verst, vi huka oss litt ned, seier Tørnes. Og det høyrst ut som om han er litt glad for at det ikkje var han som fekk jobben med å forklara namnevalet då det storma som verst.

Dotterselskap

Kva var forresten namnet? For å vera på den heilt sikre sida, tyr vi til nettsidene til Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane som har logoen Fjord1 Fylkesbaatane (som altså berre må lesast, aldri seiast). Der står det at Fylkesbaatane framleis heiter Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane AS og er eit dotterselskap av Nordvestlandske AS som har skifta namn til Fjord1 Nordvestlandske AS. Korleis Fjord1 skal uttalast står det ingenting om på nettsidene. Der er det fritt fram.

Men kven sin snøggbåt er det som går frå Bergen? God tur!